



Saksframlegg

Samarbeidsavtale mellom Larvik kommune og Fyresdal kommune for opplæring av voksne

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Samarbeidsavtale mellom Larvik kommune og Fyresdal kommune for opplæring av voksne
- 2 Bilag 1 Priser og betalingsbetingelser vertskommuneavtale med Fyresdal.docx

Bakgrunn for saka:

Sidan 2023 har Fyresdal kommune samarbeidd med Larvik kommune, ved Larvik Læringssenter, om digital norskopplæring. Dette samarbeidet starta som eit prosjekt finansiert av Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi). Hovudmålet med prosjektet var å tilby vaksenopplæring, særleg norskopplæring, digitalt frå Larvik til innbyggjarar i Fyresdal, spesielt flyktningar med rett og plikt til slik opplæring.

Bakgrunnen for prosjektet var eit ønskje om å tilby vaksenopplæring på ein meir fleksibel og tilgjengeleg måte gjennom digitale løysingar. No, når prosjektet nærmar seg slutten av det siste året sitt, er det eit ønskje om å formalisere samarbeidet gjennom ei samarbeidsavtale innan sommaren 2025. Denne avtalen skal effektivisere tenestene, sikre kvaliteten på opplæringa og tilby eit breiare opplæringstilbod. Samarbeidet er regulert av opplæringslova, integreringslova med tilhøyrande forskrifter, samt kommunelova.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Utvikle og levere tenester i samspel med innbyggjarane.

Hausten 2023 vart det etablert eit vellukka samarbeid mellom Larvik Læringssenter og Fyresdal kommune gjennom prosjektet "Ein ny, digital skulekvardag med fleksible løysingar". Dette prosjektet adresserer direkte utfordringa med å tilby norskopplæring i mindre kommunar og reduserer reisebelastninga for nykomne. Det har vorte utvikla ein modell med digitale løysingar som er tilpassa deltakaranes språknivå og progresjon.

Opplæringa vert gjennomført i to separate klasserom samtidig, med ein lokal tilretteleggjar til stades i begge rom for å bistå læraren. Dette sikrar ei undervisning som liknar ordinær klasseromsundervisning, med praktiske øvingar, gruppeoppgåver og sjølvstendig arbeid. Kamera installert over tavlene gjev læraren oversikt og mogleggjer dynamiske og praktiske oppgåver der deltakarane kan røyre seg fritt. I løpet av prosjektperioden er det utarbeidd ein rettleiar for lokale tilretteleggjarar, som gjev informasjon om arbeidsoppgåver, tilsetjingsforhold og andre relevante aspekt. Rettleiaren er konkret, men gjev òg rom for at kvar kommune kan ta avgjerder basert på eigne behov og ressursar.

Prosjektet har etablert ei robust løysing som gjev tilgang til norskopplæring frå kvalifiserte lærarar. Modellen fremjar fleksibilitet, slik at deltakarane kan kombinere arbeid med norskopplæring, då alt materiell er digitalt. Samarbeidsavtalen med Fyresdal kommune omfattar all vaksenopplæring, inkludert tilrettelegging av prøver i norsk og samfunnskunnskap.

Det første året Fyresdal tok imot flyktningar var det Tokke kommune som hadde ansvaret for norskopplæringa. Reisetida til og frå Tokke med buss var utfordrande særskilt for flyktningane som hadde barn. Prosjektet har for Fyresdal kommunes del gjett flyktningane moglegheit til å bruke heile tida si til å lære seg norsk på ulike måte. Samstundes som dei har hatt moglegheit til å følgje opp barn, deltidsarbeid og integrere seg i lokalsamfunnet.

Nå som prosjektet som er finansiera av IMDI går mot slutten er Fyresdal kommune nøyd til å finne ut korleis ein skal kunne gje undervisning i Norsk og samfunnskunnskap på ein rett måte. Alle lærarar frå Larvik Læringssenter som har vore inne i prosjektet har vidareutdanning i migrasjonspedagogikk. Fyresdal kommune har generell utfordring med å tiltrekke seg rett kompetanse. Lærarar med vidareutdanning i migrasjonspedagogikk vil derfor sannsynlegvis vere vanskeleg å rekruttere. Fyresdal kommune har derfor følgjande moglegheiter slik kommunedirektøren ser det::

1. Kaupe tenestene ved å leggje ut anbod om offentleg anskaffing.
2. Spørje nabokommunen om dei kan tilby tenesten til våre flyktningar
3. Inngå samarbeidsavtale med Larvik kommune som vertskommune for å vidareføre prosjektet inn i drift.

Kommunedirektøren vurderer dei ulike moglegheitene slik:

1. Dersom ein vel å kaupe på den opne marknaden må ein som kommune nytte Doffin, som er systemet for offentleg anskaffing. Ein veit då ikkje kva for tilbydarar ein får, kva for kvalitet det er på tilbodet, og kva for pris ein må betale for tilbodet. Kommunedirektøren vurderer denne løysinga som uforutsigbar og ynskjer ikkje ei slik løysing.
2. Vi kan spørje nabokommunane om hjelp og kaupe tilbodet frå ein av dei slik vi gjorde det fyste året i Tokke. Tokke levera tenesta for Fyresdal kommune, men flyktningane hadde lang reiseveg som igjen førte til at dei mista fokuset på læring på grunn av ting som skjedde i livet deira. Årsaka til at Fyresdal såg etter andre moglegheiter var at Tokke signalisera at dei ikkje hadde kapasitet til å levere tenesta etter eit år. Kommunedirektøren meiner at denne løysinga også skapar uforutsigbarheit, og gjev flyktningane større utfordringar i dagleglivet med mykje reising.
3. Ein modell kor ein har en samarbeidsavtale med ein annan kommune som er av ein viss størrelse, slik at ein sikrar tenesteleveransen er ein forutsigbar modell, kor ein også kjenner til kvaliteten på tenesta. Dei store vaksenopplæringssentra har eit krav til at alle

tilsette har vidareutdanning i migrasjonspedagogikk slik lova krev. Dette kravet klarer ikkje dei små kommunane å ettercome. Fyresdal kommune er van med å ha vertskommunesamarbeid med dei andre Vest-Telemarks kommunane, og er godt fornøgd med slike løysingar når vi som kommune blir for små til å etablere eit eige tilbod. Kommunedirektøren meiner derfor at dette er den beste måten å løyse norsk opplæringstilbodet vi etter lov er pålagd å gje til flyktningar og andre som har slike behov.

I vedlegget er det beskrive takstar for kva Fyresdal kommune skal betale for å få denne tenesta levert frå Larvik Læringssenter. Kommunedirektøren meiner at dette er ein pris som er god utifrå kva vi ville hatt av kostnadar ved å vele ei anna løysing. Fyresdal kommune mottok tilskot til norskopplæring frå staten når ein busett flyktningar. Tilskottet er stort nok til å dekke dei årlege kostnadane ved denne ordninga så fremt Fyresdal fortsett å busette flyktningar.

I vertskommune avtale er det også skissert at Fyresdal har moglegheit til å kaupa anna vaksenopplæringstilbod, og tilrettelegging for at flyktningane kan gjennomføre eksamen og ta ulike norsk og samfunnsfagsprøver. Dette er oppgåver som Fyresdal kommune har plikt til å legge til rette for. At dette inngår i avtala er svært positivt.

Konklusjon:

Kommunedirektøren anbefaler at Fyresdal kommune inngår ei samarbeidsavtale med Larvik kommune som er i samsvar med vedlagde avtale med Larvik Læringssenter som tilbyder.

Kommunedirektøren meiner at dette er den beste måten å kunne gje det tilbodet lova krev som har den kvaliteten, forutsigbarheten og den økonomiske ramma vi treng for å gje tenesta til den flyktningane vi som kommune tek imot.

Larvik kommune handsamar denne samarbeidsavtale i sitt kommunestyremøte 18. juni. Kommunedirektøren vil derfor opplyse om at det er ein føresetnad at Larvik kommune vedtek avtala slik den ligg føre.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Framlagd samarbeidsavtale om norsk opplæring for vaksne mellom Fyresdal kommune og Larvik kommune vert vedteke slik den ligg føre.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtala under føresetnad at Larvik kommune har fatta eit positivt vedtak om samarbeidsavtale.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør